



Fylkestinget

Sekretariat for kontrollutvala

Sakshandsamar:

Einar Ulla

E-post: einar.ulla@sfj.no

Tlf.: 57638051

Vår ref.

Sak nr.: 15/3536-3

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internett l.nr.

16343/15

Dykkar ref.

Dato

LEIKANGER, 12.05.2015

Kontrollutvalet sin uttale til Sogn og Fjordane fylkeskommune sin årsrekneskap 2014

Kontrollutvalet har i møte 12. mai 2015 handsama uttale om Sogn og Fjordane fylkeskommune sin årsrekneskap for 2014.

Grunnlaget for handsaminga har vore:

- Rekneskap 2014
- Fylkesrådmannen sin årsrapport for 2014
- Revisjonsmelding frå SF revisjon IKS, datert 15. april 2015

I tillegg har løn- og rekneskapssjef og revisor vore tilgjengeleg for kontrollutvalet med informasjon om aktuelle problemstillingar.

Sogn og Fjordane fylkeskommune sin rekneskap for 2014 viser eit overskot på 43,5 mill. kroner. Netto driftsresultat er på 66,7 mill. kroner, noko som svarar til 2,3 % av driftsinntektene, noko som er likt med gjennomsnittet for fylkeskommunane i landet¹.

Fylkeskommunen si langsiktige gjeld auka i 2013 med 325 mill. kroner til 2 300 mill. kroner. Dette utgjer ein prosentvis auke på 16,5 %. I 2014 vart lånegjelda til fylkeskommunen redusert med 25 mill. kroner. Kontrollutvalet har dei siste åra signalisert ei uro over auken i den langsiktige gjelda til Sogn og Fjordane fylkeskommune. Lånegjelda er framleis høg, men det er positivt å sjå at lånegjelda til fylkeskommunen har blitt redusert i 2014.

Kontrollutvalet meiner at presentasjonen av rekneskapstal i årsrapporten 2014 er forbетra i høve til åra før. Det er lettare å finne samanheng mellom rekneskapstala i rekneskapen og i årsrapporten.

Revisor har ved fleire høve informert kontrollutvalet om revisjonen av rekneskapen, der utvalet har fått orientering om innhaldet i revisjonsplan og om framdrift i revisjonen av rekneskapen.

Kontrollutvalet har motteke uavhengigkeitserklæring frå revisor, der oppdragsansvarleg revisor si uavhengigkeit til fylkeskommunen vart stadfesta.

Revisor har orientert kontrollutvalet om internt kvalitetskontrollsysteem i regi av NKRF (Norges kommunerevisorforbund), som sikrar at revisjonen av rekneskapen vert utført i samsvar med regler og forskrifter.

Revisor har følgt opp dei avtaler som er gjort med kontrollutvalet vedrørande revisjon av rekneskapen, og har ingen kommentarar utover det som er ei normal revisjonsmelding.

¹ Kostratal pr. 13.04.2015. Desse kan bli endra når dei endelige tala vert lagt ut i juni.



Ut over det som er nemnt i denne uttalen og det som går fram av revisjonsmeldinga datert 15. april 2015, har kontrollutvalet ikkje merknader til Sogn og Fjordane fylkeskommune sin årsrekneskap for 2014.

Med helsing

Arve Mjømen
Leiar i kontrollutvalet

Kopi til:
Fylkesutvalet

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift